



Lindås kommune
Postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Hålandsdalen, 27. mai 2015

Vedr. sakshandsamingstid for søknad om dispensasjon frå arealplan i sjø – Ospeneset i Lindås kommune

Vi syner til vår søknad 15. mai d.å. om dispensasjon frå arealplanen ved vår sjølokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune. Bakgrunnen for søknaden er at vi ynskjer å bytte ut det gamle anlegget på lokaliteten til eit nytt og antakeleg meir rømningsikkert anlegg.

Eide ynskjer å setje ut fisk på lokaliteten i siste del av august i år. Dersom den samla sakshandsaminga hos kommune, sektormyndigheiter og fylkeskommunen ikkje er ferdig innan den tid, har ikkje Eide alternative lokalitar for utsett av aktuell fisk. Dette vil sette oss i ei særns vanskeleg stilling, som i verste tilfelle vil innebere at aktuell fisk må destruerast.

Vi førespurde derfor i søknaden 15. mai d.å. kommunen om å handsama søknaden i god tid før fellesferien. Vi har på bakgrunn av dette sendt ein parallell søknad til Hordaland fylkeskommune som handsamar søknader etter akvakulturregelverket for øvrig. Det er uklart om fylkeskommunen i det heile vil sende søknaden på ordinær høyring før kommunen har fatta sitt dispensasjonsvedtak. For at fylkeskommunen skal kunne fatte vedtak i saka, må Lindås kommune ferdigstille si handsaming.

Vi har fått signaler om at kommunen ikkje vil kunne handsame søknaden i plan- og miljøutvalget før 2. september d.å. Det siste møtet i plan- og miljøutvalget før fellesferien er 10. juni d.å. At søknaden *ikkje* blir handsama før fellesferien i år vil skape store utfordringar for oss, og betydeleg forseinke vår moglegheit til å ta i bruk eit nytt og antakeleg sikrare anlegg på Ospeneset.

På denne bakgrunn vil vi på det sterkaste oppfordra om at plan- og miljøutvalget handsamar saka i eit ekstraordinært møte *før* fellesferien. Dersom eit slikt ekstraordinært møte ikkje er aktuelt kan plan- og miljøutvalget som eit alternativ handsame saka i eit fjernmøte eller ved skriftleg sakshandsaming.

Vi har stor forståing for at plan- og miljøutvalget har stor arbeidsbyrde. Vi vil likevel minne om at kommunen pliktar å førebu og avgjere vår søknad utan ugrunna opphald.

Ta gjerne kontakt med undertekna dersom noko er uklart. Vi stiller gjerne til eit møte med kommunen dersom det skulle være behov for det.

Med venleg helsing
Eide Fjordbruk AS / Fyllingsnes Fisk AS



Arne Herre Staveland

Kopi: Hordaland fylkeskommune